



Slik såg det ut (bileta over og under) i busslomma på morgonkvisten i dag.

Vandalar hadde vore på ferde og tømt ut innkaldet i blomsterkrukkene som Uskedalen Utviklings iherdige sjalar har fått på plass.

Jord og blomar var spreidde utover. Og ikkje nok med det: Glasbitar frå knuste ølflaskar var også spreidd så her har det nok vore litt av ein fest.

Buss-sjåførane måtte ut og fjerna glasbitar frå kjøyrebanda så det ikkje skulle skje ei punktering. Og iherdige sjelar måtte trø til att for å rydda.

Dei hadde ikkje nokre positive tankar akkurat da og stilte spørsmålet: Kven er det som finn på slikt?

(Foto: Ola Matti Mathisen)

